



Arkivnr: 2016/34405-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.12.2016

**Revidert forslag til sentral forskrift om lågutsleppssoner for bilar - høyring****Samandrag**

Samferdselsdepartementet har i brev fra 22.11.2016 sendt ut revidert forslag til forskrift for lågutsleppssoner på høyring. Det første forslaget til forskrift var på høyring i perioden 24. juni til 22. august 2016. Hordaland fylkeskommune gav innspel til dette forslaget til forskrift i eit brev fra fylkesordførar frå 19.9.2016, som vart lagt fram som referatsak, RS 146/2016, i fylkesutvalet 21.9.2016. Høyringsfristen for det reviderte forslaget til forskrift er 9.12.2016. På grunn av denne korte tidsfristen, kom ikkje saka på sakslista til møtet i utvalet for miljø og samferdsel, og vert derfor lagt direkte fram for fylkesutvalet til uttale.

Fylkesrådmannen er nøgd med det no vert opna opp for å kunna kombinera lågutsleppssoner og miljødifferensierte bompengetakstar i same geografiske område og at verkeområdet no vert foreslått utvida til å kunna gjelda for bensinbilar. Lågutsleppssoner vil kunna nyttast for å redusera lokal luftureining, men også for å begrensa andre skadeleige eksosutslepp, inkludert klimagassen CO<sup>2</sup>.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet meiner at det er viktig å ha ulike verkemiddel tilgjengeleg for å motverka ureining frå køyretøy, og støttar det reviderte forslaget til sentral forskrift for lågutsleppssoner for bilar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Høring av revidert forskrift om lavutslippszone for biler(1)
- 2 Høringsnotat(1)
- 3 Revidert forskrift om lavutslippszone for biler(1)
- 4 Om forslaget til sentral forskrift om lågutsleppssone for bilar

## Fylkesrådmannen, 24.11.2016

### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev frå 22.11.2016 sendt ut revidert forslag til forskrift for lågutsleppssoner på høyring. Det første forslaget til forskrift var på høyring i perioden 24. juni til 22. august 2016<sup>1</sup>. Hordaland fylkeskommune gav innspel til dette forslaget til forskrift i eit brev<sup>2</sup> (sjå vedlegg) frå fylkesordførar frå 19.9.2016, som vart lagt fram som referatsak, RS 146/2016, i fylkesutvalet 21.9.2016. Høyringsfristen for det reviderte forslaget til forskrift er 9.12.2016. På grunn av denne korte tidsfristen, kom ikkje saka på sakslista til møtet i utvalet for miljø og samferdsel, og vert derfor lagt direkte fram for fylkesutvalet til uttale.

### Endringar i høve til første utkastet

På bakgrunn av høringsinnsplill og andre forhold har Samferdselsdepartementet gjort to vesentlege endringar av forskrift om lågutsleppssone for bilar.

#### §3 Plikt til å betala gebyr

Verkeområde i §3 er endra frå berre å omfatta bilar som brukar diesel og biodiesel, til å kunna omfatte alle bilar:

*«Plikten til å betale gebyr i en lavutslippszone kan omfatte alle biler. Kommunen kan i lokal forskrift fastsette nærmere bestemmelser om hvilke biler som har plikt til å betale gebyr og som skal registreres i kommunens system for betaling og kontroll. Kommuner som har etablert en felles lavutslippszone må innføre felles bestemmelser for dette. Plikten til å betale gebyr gjelder ikke:»*

- a) nullutslippsbiler,
- b) biler godkjent som uthyrningskjøretøy og andre biler i politiets eller forsvarsets tjeneste,
- c) biler spesialinnredet for egentransport av funksjonshemmet og biler der fører eller passasjer medbringer parkeringsbevis for forflytningshemmede i henhold til forskrift 15. mars 1994 nr. 222 om parkering for forflytningshemmede. Ved parkering skal parkeringsbeviset alltid være plassert godt synlig bak frontruten,
- d) bil med kjennemerke med gule tegn på blå bunn..»

Verkeområdet vart i førre forslag til forskrift grunngjeve med at lokal luftureining, med vekt på NO<sub>2</sub>, hovudsakleg kjem frå dieselmotorar. Derfor ville lågutsleppssoner berre for bilar som nyttar diesel og biodiesel vera mest effektivt for å redusera NO<sub>2</sub>-nivåa. Utvidinga av dette verkeområdet til å kunna inkludera andre bilar enn dieselmotorar er gjort for i større grad å ivareta Stortinget sin intensjon med bestemmelsane i siste ledd i §13 i vegtrafikkloven

#### §19 Om forholdet mellom lågutsleppssoner og miljødifferensierte bompengetakstar

Den opphavelege §19, om tilhøvet mellom ei lågutsleppssone og miljødifferensierte bompengetakstar, er stroke. Ved å ta bort §19 som spesifiserte at det ikkje var mogleg å ha både permanente miljødifferensierte bompengar og permanente lågutsleppssoner for bilar i same geografiske område, har departementet innarbeida høyringsinnsplill frå blant anna enkelte kommunar og fylkeskommunar.

I det vedlagde brev frå fylkesordførar frå 19.9.2016, vart det påpeika at det ikkje var nærmare presisert kva som er meint med same geografisk område. Det vart vist til at bompengeinnkreving skjer i bomstasjonar, i innkrevingspunkt, medan lågutsleppssoner er meint å dekka større areal. Om t.d. «området» for bomringen i Bergen vart rekna til å omfatta heile Bergen kommune, ville ei eventuell miljødifferensiering av takstane i bomringen, i følgje utkastet til forskrift, utelukka at det samstundes kunne etablerast lågutsleppssoner i Bergen.

### Fylkesrådmannen sine merknader

<sup>1</sup> Høyringsnotat og uttalar finn ein her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--forslag-om-sentral-forskrift-om-lavutslippszone-for-biler/id2506314/#>

<sup>2</sup> Sjå brev frå fylkesordførar:

<http://einsnyn.hfk.no/einsnyn/RegistryEntry>ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=229208&documentId=392826>

Fylkesrådmannen viser til at byområda har bedt om fleire verkemiddel for å motverka ureining frå køyretøy. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har i tiltaksplanen knytt til belønningsavtalen for 2015-2018 gått inn for å bruka prismekanismen meir direkte mot bruken av køyretøy med høge NO<sub>2</sub> utslepp - ved hjelp av lågutsleppssoner og ev. ved å miljødifferensiera bompengetakstane. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har derfor lagt til grunn at det vil bli høve til eventuelt å kombinera bruk av lågutsleppssoner og miljødifferensierte bompengar i byområdet. Fylkesrådmannen er derfor nøgd med det no vert opna opp for å kunna kombinera lågutsleppssoner og miljødifferensierte bompengetakstar i same geografiske område.

Fylkesrådmannen er også positiv til at verkeområdet no vert foreslått utvida til å kunna gjelda for bensinbilar. Fylkesrådmannen viser til at det har vore Stortinget sin intensjon at lågutsleppssoner ikkje berre skal kunna nyttast for å redusera lokal luftureining, men også for å begrensa andre skadelege eksosutslepp, inkludert klimagassen CO<sup>2</sup>.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å stø det reviderte forslaget til sentral forskrift for lågutsleppssoner for bilar.